

Årsplan for Holmedal barnehage 2023/2024

Holmedal barnehage

Haugane 1, 6982 Holmedal

Tlf. 48958534/99295005. E-post: sidsel.anita.ekblad.itland@askvoll.kommune.no



Personalet i Holmedal bhg 2023/2024

Sidsel Anita E. Itland	Styrar, måndag, tysdag og torsdag	60%
------------------------	-----------------------------------	-----

Dokka

Janne R. Langeland	pedagogisk leiar	100%
Kari Hilde Vassliås Ulvik	pedagogisk leiar	100%
Malene Hauge Klungreset	fagarbeidar	100%
Leni Enstad Johannessen	fagarbeidar, fri onsdag	80%
Sidsel Anita E Itland	barnehagelærar, onsdag og fredag	40%
Synnøve L Krognes	fagarbeidar, måndag og onsdag	40%
Aagot Kvammen	fagarbeidar, tysdag og torsdag	40%

Småbarnsgruppa

Siri Elisabeth Båtevik	pedagogisk leiar	100%
Turi Frøholm	pedagogisk leiar, tys, tors, fre	60%
Hilde Christie-Otnes	fagarbeidar	100%
Aagot Kvammen	fagarbeidar, måndag og onsdag	40%

Reinhaldar

Torfinn Itland	reinhaldar	25% alle dagar
----------------	------------	----------------

I tillegg jobbar vi med å knyte til oss fleire ringevikarar.

Dagsrytme

Meininga med dagsrytme er at den skal brukast som ei rettesnor. For små barn kan det vere til hjelp for å få oversikt over dagen. Dei skjønner at dei skal sove etter t.d. lunsj og at dei blir henta etter vi har ete frukt. Samtidig som dagsrytme kan vere til hjelp prøver vi å unngå at dagsrytme er til hinder for barnas initiativ eller grunnen til å la vere å reagere på uventa hendingar. Vi tar utgangspunkt i barna sine behov og viss dei er i strid med dagsrytmen, prioritærer vi barnas behov.

Hovudtrekk ved dagsrytmen:

- 07.15 Barnehagen opnar
8-8.30 Frukost for dei som ynskjer det. Vi ber om at dei som skal spise frukost i barnehagen er kome til 8.15

Kletten

- Ca 9.15 Fruktstund og samling. Vi må ha beskjed om barn kjem seinare enn dette
Ca 10 Småbarnsavdelinga er ofte ute på formiddagen og har inneaktivitetar etter soving og fram til frukt
Ca 11.15 Måltid
12 Soving/kvile. Leik/aktivitetar
14 Frukt og knekkebrød/skive
Ca 14.30 Bleieskift og uteliv (kan endre seg i forhold til årstid og ver)
16.30 Barnehagen stenger

Dokka

- Ca 9 Samling, fruktstund og planlagte aktivitetar.
11.30 Måltid inne eller ute
12.30 Soving/kvile for dei som treng det. Leik/aktivitetar
14.30 Frukt og knekkebrød/skive
Ca 15 Bleieskift og uteliv (kan endre seg i forhold til årstid og ver)
16.30 Barnehagen stenger

Vedtekter for barnehagane i Askvoll: <https://www.askvoll.kommune.no/Filnedlasting.aspx?Mid1=14&FilId=591>

Uteliv og turar i nærområdet

I Holmedal barnehage er vi glade i å vere ute. Utelivet gjev oss eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vêr. Vi ynskjer at barna skal få oppleve naturen, og ikkje berre gå raskt gjennom den. Vi skal sjå og høyre den, lukte og føle den, og nokon gangar smake på den. Barna skal få lære om respekt for naturen og korleis vi kan ta vare på den. Dei skal få kjennskap til årets gang, til det som lever der, både det som spirer og gror, og insekt og dyr. Saman skal vi skape meiningsfulle stunder ute. Barnehagen har skogområda i nærleiken, Bakkefjæra, Kyrkjefjæra og Fargarfjæra som sine faste turmål. I tillegg nyttar vi leikeplassen i boligfeltet og skuleområdet i skuleferiane.

Naturen gjev oss unike mogelegheiter for læring. Språk og språktrening er ein del av utedagane gjennom samtalar og undring over ting vi finn og gjer. Å leike ute i variert terren og natur, gjev barna motoriske utfordringar. Dei skal få kjenne på sine eigne grenser og finne ut av kva dei meistrar og kva dei må øve meir på. Med variasjon i stad, vêr og årstid er det ofte mange nye spanande element som ein kan ta inn i leiken. Barna har mogelegheit for rollelek, konstruksjonslek og risikoleik. Dei finne stadig nye plassar som dei sjølv tilpassar sin leik, samstundes som vi vaksne hjelpe til med å gje innspel og drive leiken vidare.

Vi legg stor vekt på sikkerheit. Både vaksne og barn, skal ha på seg farga refleksvest når vi er utanfor barnehageområdet. Då er vi alle synlege for kvarandre. Vidare så er vi opptekne av trafikksikkerheit når vi er ute og vandrar. Vi er fleire vaksne med enn grunnbemanning tilseier (6 barn pr vaksen). Dersom det berre er ein vaksen med barna, vil de oftast vere med 1-4 barn. Barna må alltid ha ei hand å halde i langs vegen. Vi lærar dei at det er venstrehanda som skal vere mot grøfta når det ikkje er gangveg eller fortau.

Fokusområde

Dette barnehageåret vil vi ha særleg fokus på leiken som arena for å knyte vennskap, lære sosiale samhandlingsreglar og samarbeid, språkarbeid og motorisk utvikling. Vi vil i endå større grad la barna vere med å bestemme innhaldet i deira kvardag samtidig som dei lærer å ta omsyn til kvarandre og ulikskap. Alle barn (og vaksne) har område dei må øve på og område dei er gode på. Mottoet vil vere «Kom og leik med meg».


Vi vil hente oppatt IKT-planen for Holmedal barnehage og ta i bruk digitale mikroskop både inne og ute for å studere og undre oss over det vi finn. Vi vil saman med dei eldste lære oss å programmere små robotar og sende dei ut på oppdrag. Vi vil jobbe med å søke svar på det vi undrar oss over og vi vil ta bilete og søke opp bilete, redigere dei og skrive ut og lage små bøker og forteljingar. Målet er ikkje at barna skal «spele data» i barnehagen, men lære å bruke digitale verktøy.

Parallelt vil vi og nytte analoge verktøy i dei same prosessane slik at barna kan få erfaring med at ein kan nyte begge delar for å uttrykke seg.

Periodeplanar

Vi nyttar ulike planleggingsverktøy på dei to avdelingane våre.

På Kletten har dei temaplakat der mål, fagområde og innhald er organisert i bolker og gjeld temaområde som går over veker. Dette gjev eit rom for barnas medverknad og fleksibilitet. Dette ivaretak dei minste sine behov for at tilsette til ein kvar tid ser kva barna er opptekne av, lyttar, observerer og rettar seg etter deira interesser og dagsform. På denne måten sikrar vi og eit pedagogisk tilbod i tråd med rammeplanen. Dette fungerer som arbeidsdokument både for pedagogar og fagarbeidarar, også der endring er nødvendig når det er vikarar innom.



DOKKA - døme på plan					
Veker	Mandag,	Tysdag,	Onsdag,	Torsdag,	Fredag,
Fokus	Kjennskap til nærområdet. Vennskap og fellesskap. Korleis er vi med kvarandre?				
Plantid	Fagarbeidarar 9-9.45 Synnøve og Malene	Pedagogane 8.45-15.30 Janne og Kari Hilde		Fagarbeidarar 9-9.45 Leni og Agot	
Samst. kl 9	Janne	Kari Hilde	Sidsel Anita	Kari Hilde	Janne
Tur kl. 9.45-	Janne og Malene; Tur med gruppe 1 - Kor kan vi gå?		Leni og Synnøve Tur med gruppe 2 - Kor kan vi gå?	Kari Hilde og Leni Tur med gruppe 3 - Kor kan vi gå?	
Uteleik	Synnøve; Regelleik med gruppe 2	Kari Hilde og Agot; Leik med ½ gruppe	Kari Hilde; Regelleik med gruppe 3	Janne Regelleik med gruppe 1	Alle barna er ute på ferommiddagen
Inne	Leni og Kari Hilde; Aktivitet med gruppe 3	Leni og Malene Leik med ½ gruppe	Janne og Malene; Aktivitet med gruppe 1	Synnøve og Malene Aktivitet med gruppe 2	
Etter lunsj	Dei som har vore inne går ut, dei som har vore ute kan vere inne. Innebarn kan velge seg ut om dei ynskjer				
Etter frukt	Lesegruppe og smågrupper Leik	Lesegruppe og smågrupper Leik	Lesegruppe og smågrupper Leik	Lesegruppe og smågrupper Leik	Førskulegruppe Leik og spel for rektangler og trekantar

Dokka har ein meir strukturert vekeplan der både styrte aktivitetar og frie aktivitetar er planfesta i større grad. Også dei større barna har rett til å medverke i kva innhald barnehagedagane skal ha, men det er fleire faste aktivitetar som vi skal gjennomføre i løpet av dagen og vekene.

For å ivareta medverknaden til barna, legg vi opp til at barna sjølv skal få vere med å velje tema, innhald og aktivitetar store deler av dagen. Dei er og med i val av turmål og innhald på turane.

Planen til venstre er eit døme på korleis vi legg opp veka.

Utviklingsområde for tilsette – ekstern vurdering

I januar/februar kjem 2 vurderarar frå HAFS-regionen for å vurdere barnehagens praksis innanfor et spesifikt område. Vurderingstema er ikkje heilt sett enda, men det vert innanfor «vaksen i møte med barn som utfordrar», dette gjeld både dei barna som strevar med sjølvregulering og dei stille barna som ikkje vågar seg frampå. Vi vil bruke vurderingsrapporten i dette arbeidet, få rettleiing frå PPT, bruke personalmøta til å drøfte forskning opp mot eigen praksis og delta på digitale kurs.

Vi vil gjerne ha med oss foreldra når vi kjem til vurderingstema, og kjem då til å be om innspel til kva de legg vekt på. Vurderarane vil og hente inn dykker syn på ein del spørsmål – enten i form av spørjeskjema eller som eit foreldremøte.

Velkommen til nytt barnehageår!

Vi gleder oss til å starte opp att etter sommarferien, treffe «gamle vener» og verte kjende med nye.
I haust er det 7 nye barn som begynner i Holmedal barnehage, 5 på Kletten og 2 på Dokka. 5 barn vil bytte avdeling
frå Kletten til Dokka. **Ekstra velkomne til dei!**

REGLANE VÅRE

1. Vi seier "Hei" eller "God morgen" når vi møtast, og vi takkar for maten.
2. Vi skal vere greie med kvarandre.
3. Ved slåing, biting og skubbing fjernar vi barnet frå leiken og gjev først trøyst/merksemd til det andre barnet.
4. Vi brukar «GÅFØTER» innandørs.
5. Vi må snakke med roleg stemme og bruker innelyd
6. Vi ryddar etter oss når vi er ferdige med noko
7. Og elles følgjer vi løvelova:

Kan du løvelova?
Eg skal vere meg,
men gje plass til andre,
så dei kan vere seg.
Bry meg om ein annan,
hjelpe når eg kan.
Slik vert livet betre
for barn i alle land!

Ser du ein som plagast?
Ikkje stå og sjå!
Alle må stå saman
om å sei ifrå.
Alle barn på jorda
har den sam rett
til å vere trygge
og å vere sett.

(fritt omsett etter Eivind Skeie)



August 2023



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
31	31.7 Barnehagen opnar etter sommarferien. Velkomne tilbake	1	2	3 Lucas 5 år	4	5	6
32	7	8	9	10	11	12	13
33	14 Eilev 3 år	15 Jonas HH 2 år	16	17	18 Siste dag for skulestartarane. Vi takkar av og ynskjer lukke til vidare.	19	20
34	21 Nytt barnehageår. Velkommen til nye barn.	22	23	24	25	26	27
35	28	29	30	31			

Bæ – bu – bæ – bu

I september fokuserar vi på utrykningskøyretøy.



- Vi vil ha spjelking og bandasjer, krykker og ambulanse. Vi leikar med køyretøy og medisinsk utstyr – og har litt om førstehjelp.
- Vi inviterer politi, brannbil og ambulanse til å kome på besøk

Ein brann er ikkje tull, vi må
ringe ein, ein, null
Har du sett ein tyv på do,
må du ringe ein, ein, to
Har du veldig vondt eit sted,
må du ringe ein, ein, tre
Det er lett å hugse det!

Chiles nasjonaldag er i september

Vi vil markere dagen og lage chilenske flagg. Gratulerer med
dagen til Chile.



Lokalval

Vi skal jobbe med demokrati og lage val i barnehagen.

Barnas val

I september skal Frida ha barnas val. Ho skal velgje tema for ei heil veke. Vi
gledar oss.



September 2023



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
35					1	2	3
36	4	5	6	7	8	9 Sauesanking	10
37	11 Plandag. Barnehagen er stengt	12	13	14	15	16	17
38	18 Chiles nasjonaldag 	19	20 Foreldremøte 19-21 Helsestasjon og Barnevern fortel om kva dei gjer og kva dei kan bidra med.	21	22	23	24
39	25	26	27	28	29	30 Vetle 4 år	

Barnas val

I oktober er det Ola som skal velje tema. Vi gledar oss.

Samisk språkveke

Vert arrangert i heile landet i oktober. I Holmedal barnehage vil vi trekke linjene til sankekultur, smake på språket og fargane - -og ta dette oppatt når vi skal markere samanes dag 6.2. Vi skal også markere FN-dagen for mangfold.



Personalet skal synleggjere språkleg og kulturelt mangfold, støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk og identitetar og fremje mangfold i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformer (Rammeplanen, s 48) Barna skal bli kjende med at samane er Noregs urfolk, og får kjennskap til samisk kultur (Rammeplanen, s 56)

Haustfest

Vi lagar oss ein haust(takke)fest med grønsaker og anna godt som vi haustar inn (handlar på butikken) der fokuset er på kor maten kjem frå.



Halloween

I Holmedal barnehage går vi «omvendt halloween» - vi drar ned på skulen med dei eldste barna og deler ut knask i staden for å be om knask. Det brukar å vere populært. Då har vi laken som spøkelse og prøver å vere litt skumle. Kanskje skuleungane vert LITT skremt?



OktobeR 2023



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
39/ 40	2 Ragnhild 4 år	3	4	5	6	7	1/8
41	9 Skulen sin haustferie. Gje gjerne beskjed om barnet ditt har fri heile eller deler av veka	10	11	12	13	14	15
42	16	17	18	19	20	21	22
43	23	24	25	26	27	28	29
44	30	31 Halloween					

Barnas val

Det er Jone som skal velje i november. Lurer på kva han kjem fram med?

Vinteren

kan vere hard for småfuglane. Vi vil lage mat til dei for å hjelpe dei gjennom.

På tur vil vi ha med oss plansjar med dei vanlegaste vinterfuglene i Holmedal, og vi vil høre på fuglelydar.

vintergjester!

Lær om fugler og fuglematting i boken Fuglefryd, og på mosseplassen.no



Bilder fra boken Fuglefryd. Plukket til utskrift på mosseplassen.no/fuglefryd



Polen sin nasjonaldag er 11. november

Vi vil markere dagen 10.11 og skal lage polske flagg. Gratulerer med dagen til Polen.



Nissemarsj

Vi startar advent med nissemarsj siste dagen i november. Då er foreldre og syskjen invitert til å vere med oss. Nissemarsjen startar kl 15.30. Etterpå serverer vi graut og saft. Vi kjem til å utfordre nokre pentagonforeldre til å bidra med julekaker



November 2023



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
44			1	2 Eira 4 år Isak 2 år	3 Fagdag for barnehagene i Askvoll. Barnehagen er stengt.	4	5
45	6	7	8	9	10 Markere Polen sin dag 	11 Polen sin nasjonaldag	12 Farsdag
46	13	14	15	16	17 Atle 5 år	18	19
47	20	21	22	23	24	25	26
48	27	28	29	30 Brage VA 3 år Nissemarsj kl 15.30			

Å jul med di glede

Vi skal ha juleverkstad og bakedagar – og synge julesongar



Vi vil senke tempoet og skape den roa som skal til for at barna skal få kjenne på korleis det er å glede seg til noe utan å stresse. Vi vil formidle tradisjonsfortellingar og både gamle og nye julebøker. Vi vil og fortelje den gamle julefortellinga om stallen i Betlehem. Vi vil undre oss i lag over ulike måtar å feire jul på – og ikkje feire jul, men kanskje noke anna?



Vi vil fokusere på gleda ved å gjere noe for andre, gje og glede seg på andres vegne. Vi vil derfor og i samband med Luciadagen bake lussekattar og gå til skulen med barna på Dokka og dele ut.



Personalet skal bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrsla (Rammeplanen, s 55)



Og vi minnar om at barnehagen er open i romjula for påmeldte barn og påmeldingsfristen er 11. Desember.

Vi bemannar etter kor mange barn som kjem i barnehagen.





Desember 2023

UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
48					1	2	3
49	4	5	6	7	8	9	10
50	11 Påmeldingssfrist til romjul	12	13 Luciadagen Dokka skal ned på skulen og dele ut Lussekattar. Hugs kvit skjorte	14	15	16	17
51	18	19	20	21	22 Emma 5 år	23	24 Julafta
52	25 1. Juledag	26 2. Juledag	27 Barnehagen er open for påmelde barn	28 Barnehagen er open for påmelde barn	29 Barnehagen er open for påmelde barn	30	31 Nyårsafta

Vi vil ha snø!

I vintermånadane vil vi lage til snøleik, akedag (skidag?) – vi snur på alle planar vi har om det kjem snø og brukar både naturen og Magnusbakken. Vi vil prøve å lage islykter, fryse vatn til is ute (om det vert kaldt nok). Vi vil bruke snø og is til formingsprosjekt både i barnehagen og på tur. Og vi vil ha snøeksperiment



Vi vil også lage lommer av stemning både på tur og i barnehagen, vi vil fortelje eventyr og lese bøker – både inne og ute.

I slutten av januar vil vi ta opp att den samiske kulturen og lære både enkle eventyr, handverk og fraser. Duodji er samisk handverk som vi ikkje har eit norsk ord for. Ein nyttar dei materiala som er tilgjengelege, og dei kjem ofte frå naturen, for eksempel skinn, tre, stein o.l




Barnas val

Og i Januar skal Lucas velje tema for si veke. Skal tru kva han finn på?
Det gledar vi oss til å sjå og høre



Januar 2024



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
1	1 1. Nyårsdag	2 Plandag. Barnehagen er stengt.	3	4	5	6	7
2	8	9	10	11	12	13	14
3	15	16	17	18	19	20	21 Elian 4 år
4	22	23	24	25	26	27	28
5	29	30	31				

Vinteraktivitetar



Vi markerar samefolkets dag 6.2 – Denne dagen vil vi og ha leikar og god mat.

Personalelet skal gjere barna kjende med samisk kultur og levesett og knyte det samiske perspektivet til merkedagar og kvardagsliv, kunst og kultur og mattradisjonar (Rammeplanen, s 57)

I veke 6 skal vi ha karneval. Då vil vi lage pynt og instrumenter. Vi vil danse samba og synge og leike.



Vi vil og markere fastelaven. Kvifor heiter det fastelaven? Kvifor tar vi inn kvister og pynter dei? Og vi skal sjølvsagt bake bollar, piske krem og ete dei med sylte på (for den som vil). Vi avsluttar i veke 8 med Blåmandag, Feitetsdag og Oskeonsdag – kvifor heiter det det?

Barnas val

Siste veka i februar startar Atle på si veke – han kjem sikkert til å finne på noke skikkeleg lurt.





Februar 2024



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
5				1 Frida 6 år	2	3	4
6	5	6 Samefolkets dag 	7	8 Karneval	9	10	11 Morsdag Fastelavn
7	12	13	14 Valentins dag	15	16	17	18
8	19 Skulen sin vinterferie. Gje gjerne beskjed om barnet ditt har fri heile eller deler av veka	20	21 Kong Harald V	22	23	24	25
9	26 Mari 3 år	27	28	29 Skotårsdag			

Barnas val

Den fyrste dagen i mars har Atle framleis regien. Hm! Det blir spennande!

Våren kjem!

Håpar vi (iallefall er det sommartid frå siste helga i mars). Vi skal observere fuglane – kva gjer dei no? Vi skal studere blomane og det som veks. Og vi skal sjekke opp om insekta begynner å komme. Mars er lunefull, så det kan hende vi også må halde fram med vinteraktivitear ☺



Barnehagedagen

Vert markert i heile landet 12. Mars. Vi veit ikkje tema enda, men vi veit at dagen skal nyttast til å synleggjere kva barna får oppleve, erfare og lære i barnehagen.



Påske

I mars er det påske. Vi vil ha påskeverkstad og lese påskebøker. Vi vil snakke om påskeharen og kyllingar, koke (og male) egg og gå på eggejakt. Vi vil også snakke om palmesøndag og skjærtorsdag (men overlet dei andre dagane til heimen). I barnehagen lagar vi til ein påskelunsj med påskefargane som gjennomgåande tema.

Personalelet skal gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen (Rammeplanen, s 55)



Vi minnar om at barnehagen er open i påska for påmelde barn. Onsdag er det ope til 12, og påmeldingsfristen er 11 mars
Vi bemannar etter kor mange barn som kjem i barnehagen





Mars 2024



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
9					1	2	3
10	4	5	6	7	8 Helena 3 år	9	10
11	11 Påmeldingsfrist for påskeveka	12 Barnehagedagen	13	14	15	16 Harald 3 år	17
12	18	19	20	21 Johannes 3 år	22	23	24 Palme- søndag
13	25 Barnehagen er open for påmelde barn	26 Barnehagen er open for påmelde barn	27 Barnehagen er open til 12 for påmelde barn	28 Skjærtorsdag	29 Langfredag	30	31 1. Påskedag

Barnas val

Emma skal velje kva vi skal jobbe med ei heil veke i april. Kva vil ho finne på, tru?

Hysj, kan du høyre graset gro?
Hysj, kan du høyre ein meitemakk som lo?
Hysj, kan du høyre ein maur gå forbi?
Då skal du vere heilt stille og si:

/:Hei, alle insekt og alle små dyr,
Doke som kryp og som kravlar og kryr,
Eg er eit menneske og eg er snill,
Ver i min hage så lenge du vil:/

Hysj, vi må vere stille nå
Ingen må skremme dei mange tusen små,
Og når det et kjem ei bille forbi
Då skal du vinka med handa og si:

/:Hei, alle insekt og alle små dyr,
Doke som kryp og som kravlar og kryr,
Eg er eit menneske og eg er snill,
Ver i min hage så lenge du vil:/

Vår

Vi skal gå på jakt etter vårteikn både i skogen, i barnehagen – ja, overalt.



Vi skal ta spikkesertifikat!

(Med barna på Dokka). Vi vil ha fokus på kniven og lære oss alle spikkereglane – som å sitje i ro, spikke frå seg og legge kniven i slira etter bruk. Når ungane har vist at dei meistrar, får dei spikkesertifikat. Og hugs „SPIKK TIL DU BLIR GOD“

Dyreliv på garden

Vi vil i april også vitje lamb, kanskje kje og kalv? Om det er nokon i foreldregruppa som har lyst på besøk, er det berre å melde seg.





April 2024



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
14	1 2. Påskedag	2	3	4	5	6	7
15	8	9	10	11	12	13	14
16	15 Plandag. Barnehagen er stengt	16	17	18	19	20	21
17	22	23	24	25	26	27	28
18	29	30					

Maidagar

Mai er full av merkedagar; 1. Mai, 3. Mai, 17. Mai, Kristi Himmelfartsdag og pinse. Vi fokuserar mest på grunnlovsdagen vår, men vil og komme innom dei andre dagane.

Personalet skal gi barna forståing for at samfunnet er i endring, og at dei er ein del av ein historisk, notidig og framtidig samanheng (Rammeplanen, s 57).



Vi vil halde fram med å utforske våren og kva som skjer om våren – både i natur, fjøs og på bøen.



Vi skal så og plante og førebu hausten.

Og vi skal vere med og gjere det fint rundt oss til feiringa av grunnlovsdagen

Det går et festtog gjennom lande
I by og dal, ved fjell og fjord
Vi svinger flagget stolt for Norge
Med hurra-rop i fra syd og til nord

Hurra! Vi marsjerer og vi synger
Sanger i rødt, hvitt og blått
Kjenner frihetens rytme i kroppen
Fylt av glede for landet vårt

Den store dagen vil vi feire
Nå lyder takkens melodi
Som stiger taktfast opp fra folket
Fra oss som ønsker et demokrati

Hurra! Vi marsjerer og vi synger ...

Søttende mai Nå jubler våren!
Nasjonen pynter seg til fest
Gå sammen, elske fram verdier
Så alle trives Da har vi det best

Hurra! Vi marsjerer og vi synger ...

Det går et festtog gjennom tiden
Der slekter har satt dype spor
Med sine valg gav de oss framtid
Se, våre røtter de spirer og gror

Hurra! Vi marsjerer og vi synger ...



Mai 2024



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
18			1 Arbeidaranes fridag	2	3 Grunnlovsdag i Polen	4	5
19	6	7	8	9	10	11 Benjamin 5 år	12
20	13	14	15 Foreldremøte m/tema 19-20.30	16 Barnas nasjonaldag 	17 Grunnlovsdag	18 Pinseafta	19 1. Pinsedag
21	20 2. Pinsedag	21	22	23 Johannes 5 år	24	25	26
22	27	28	29	30	31		

Sommar!

Vi skal vere mest mogeleg ute, det vil vere noken på tur nesten kvar dag. Vi finn fram vannspreiar på dei varme dagane. Vi plukkar blåbær når dei vert modne og lagar blåbærsylte og steiker lappar. Vi malar, vi dansar og syng, vi ryddar og sorterer, ordnar opp inne og ute for å gjere det klart til sommarstengt og nytt barnehageår.



Uteliv i fjære og skog!

Vi vil ha fokus på sikkerhet i fjæra.
Kva finn vi der. Kva finn vi skogen?



Ta med handkle og mange bytetruser

Vi satsar på at temperaturane held seg oppe og at vi treng mange bytetruser kvar dag (bading i vannspreiar og vassing i fjæra gjev mange klesbyte). Ta med stort handkle (med namn) og badekle eller truser KVAR DAG.

Solkrem og smøring

Vi ber om at barna kjem ferdig smurt om morgonen. Vi resmører etter lunsj og ved behov. I barnehagen brukar vi faktor 30 og 50 først på sommaren. Dersom de vil ha ein annan solkrem enn den vi nyttar her, har de høve til å sende med eigen solkrem. Hugs å namne den – og legg den utanfor rekkevidde for barna.

Spesielle turar

Førskulebarna har sin eigen avslutningstur. Dei siste åra har dei vore på hestegarden på Sande, dette er ein tur som førskulebarna sjølv har snakka varmt om når dei kjem att. Vi kjem nok til å gå for det denne gongen og.


Avdelingane eller heile barnehagen brukar å ha ein heildagstur. Det har variert kor den går. Målet er å gjere noko litt spesielt som heil gruppe. Vi kjem tilbake med meir informasjon når det nærmar seg. Vi brukar å legge det opp etter veret.

Og det høyrer sommarfest til ☺

Til sommarfesten lagar vi lapskaus med ungane og utfordrar pentagonforeldre til å bake kaker ☺ Ungane lagar program i lag med oss vaksne – og alle hjelper til med opprydding etterpå. Og vi skal ta eit høgtidleg farvel med førskulebarna våre og ynskje dei lukke til på skulen.



Juni 2024



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
22						1	2
23	3	4 Olai 3 år	5 Ola 6 år	6	7 Aurora 4 år	8	9
24	10	11	12 Jone 6 år	13	14	15	16
25	17	18	19 Nathalie 3 år	20	21	22	23
26	24 Plandag. Barnehagen er stengt	25	26	27	28 Vilma 4 år	29	30

BARNEHAGERUTE 2023/2024

AUGUST

21.8

Oppstart av nytt barnehageår.

SEPTEMBER

11.9

Plandag, barnehagen er stengt

OKTOBER

9.10-13.10

Skulen sin haustferie. Vi blir glad for beskjed dersom nokre av barna har fri

NOVEMBER

3.11

Felles fagdag for barnehagane i Askvoll. Barnehagen er stengt

DESEMBER

27.12-29.12

Romjul. Barnehagen er open for påmelde barn, påmeldingsfrist 11.12

JANUAR

2.1

Plandag. Barnehagen er stengt

FEBRUAR

19.2-23.2

Skulen sin vinterferie. Vi blir glad for beskjed dersom nokre av barna har fri

MARS

25.3-27.3

Påskeveke. Barnehagen er open for påmelde barn, onsdag til kl 12, påmeldingsfrist 11.3

JUNI

24.6

Plandag. Barnehagen er stengt

JULI

15.7-4.8

Sommarstengt barnehage

Vi blir glad for beskjed dersom barn har fri utover dei stengte vekene. Vi bemannar etter tal barn som kjem.

AUGUST

16.8

Plandag. Barnehagen er stengt

19.8

Oppstart av nytt barnehageår.



Juli 2024



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
27	1	2	3	4	5	6 Leokadia 5 år	7
28	8	9	10	11	12	13 Noelle 4 år	14
29	15 Sommarstengt barnehage	16 Sommarstengt barnehage	17 Sommarstengt barnehage Brage H 4 år	18 Sommarstengt barnehage	19 Sommarstengt barnehage	20 Kronprins Haakon	21
30	22 Sommarstengt barnehage	23 Sommarstengt barnehage	24 Sommarstengt barnehage	25 Sommarstengt barnehage	26 Sommarstengt barnehage	27	28
31	29 Olsok Sommarstengt barnehage	30 Sommarstengt barnehage	31 Sommarstengt barnehage				

Sommarliv i barnehagen, fjæra og skogen!





August 2024



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
31				1 Sommarstengt barnehage	2 Sommarstengt barnehage	3 Lucas 6 år	4
32	5 Barnehagen opnar etter ferien.	6	7	8	9	10	11
33	12	13	14 Eilev 4 år	15 Jonas HH 3 år Siste dag for skulestartarane. Vi takkar av og ynskjer lukke til vidare	16 Plandag. Barnehagen er stengt.	17	18
34	19 Nytt barnehageår, Velkommen	20	21	22	23	24	25
35	26	27	28	29	30	31	